

Dei fyrste bubilgjestene er alt på plass.

12.06.2020



Gjester i to bubilar har alt funne sin plass.

Elin og Geir Enes i Øyro Maria og Camping sitt kjøp av Vertshuset fekk stor merksemd i media med to framsidesinnlegg i Grenda og Kvinnheringen, Uskedalen.no og som innslag på NRK Hordaland. Frå dag ein etter kjøpet har dei nye eigarane jobba dag og natt med tilrettelegging og klargjering til denne helga. Dei fyrste bubilgjestene er alt på plass.

Uteområde er grusa og oppgradert. Toalett og dusjar er renovert og klargjort til bruk. Det er sett ut bord og stolar på terassen. Inngangspartiet er pynta med gamle mjølkespann og blommedekorasjonar. Sjølve restauranten er stengd av med fine dørar. Ei ordning for renovasjon er på plass. I inngangspartiet er det gåver og lokale produkt for sal.

Uskedalen no var innom i dag tidleg. Gjester i to bubilar hadde funne sin plass. Vi snakka med gjester i ein av bilane. Dei kom frå Sveio, var litt kjend i område frå før, men hadde lese på nettet om nye eigarar av Vertshuset. Uskedalen er eit populært turmål. Så dette ville dei prøva.



Dei fyrste gjestene vart helsa velkomne med gåve av lokale produkt.

Det går med andre ord mot ei ny stor helg i Uskedalen med mange gjester i bubil, hytter og båt.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øyro Marina og Camping / Kristian Bringedal



Øyro Marina og Camping saman med Rabben Feriesenter og Båthamna er innfalssporten til den attraktive bygda Uskedalen.